



Saksframlegg

Søknad om dispensasjon - sanitær standard gbnr. 25/63

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for plan og miljø	22/25	13.05.2025
Kommunestyret	46/25	19.06.2025

Endeleg vedtaksrett i saka har:

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 Søknad om dispensasjon - sanitær standard Fjellbu gbnr. 25/63
- 2 Anmodning om førehandsuttale - søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel gbnr. 25/63, Fyresdal
- 3 Inga fråsegn - dispensasjon - gbnr. 25/63 - oppgradering gråvassanlegg

Bakgrunn for saka:

Fyresdal kommune har motteke søknad om dispensasjon frå punkt 1.4 i føresegnene til kommuneplanens arealdel for eigedom 25/63.

1.4 Vatn og avløpsanlegg


Dersom det skal leggst til rette for høg sanitær standard på nye eller eksisterande hytter, må det leggst fram vass og avløpsplan. I tillegg er det krav om reguleringsplan.

Eigedomen har godkjent gråvassanlegg, men ynskjer å oppgradere til svartvatn. Bakgrunnen er at dagens løysing med forbrenningstoalett ikkje fungerer når hytta er fullt besøkt. Urin lekk ut på golv.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal forvalte og nytte areal og utmarksressursane på ein berekraftig måte

Eigedomen 25/63 er lokalisert i Kilegrend, mellom Fylkesveg 355 og Drang. I området finnast ytterlegare 5 hytter.



Området er i kommuneplanen sin arealdel avsett til LNF- område. Alle hyttene i område er bygt før gjeldande arealdel er vedteken, 27.11.2014.

Dispensasjons saker skal behandlast etter § 19-2 i plan- og bygningslova, etter denne er det to vilkår som må oppfyllest:

1. Omsynet bak føresegnene det dispenserast frå, eller omsyna i lovens formålsparagraf, må ikkje bli vesentleg tilsidesett.
2. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Det er totalt seks etablerte hytter skild ut frå eigedomen 25/4 i området. Alle har etablert åtkomstveg frå Fv 355. Gbnr 25/63 som søker dispensasjon fekk godkjent søknad om utslepp av gråvatn i 2018. Dette vart då vurdert ut i frå forureiningsforskrifta kapittel 12. I søknaden for gråvassutslepp var det gjort undersøkingar mot dei andre hytteigarane om det var fleire som var interessert i innlagt vatn og gråvassutslepp.

Oppgradering til svartvatn vil ta utgangspunkt i eksisterande gråvassanlegg, oppgradere og utvide dette slik at det tilfredsstiller krav til svartvatn.

I dette området vil det ikkje bli aktuelt med nye einingar, alle eksisterande hytter har vegadkomst frå Fv 355. Terrenget i området innheld mykje fjell i dagen slik at etablering av felles anlegg uansett vil bli uforholdsmessig dyrt. Naboane er ikkje interessert i ei oppgradering av standard. Vi ser det derfor ikkje som påkrevd å krevje reguleringsplan og VA-plan for heile området.

Tiltaket vil vere plassert på same stad som dagens gråvassanlegg og vurderingar knytt til plassering og jordprøver er gjort i 2018.

Tiltaket handlar om oppgradering av eit eksisterande anlegg, i eit område der det ikkje vil vere aktuelt med nye einingar og samarbeid om anlegg er vanskeleg på grunn av området topografi. Ein ser derfor ikkje at føresegnene det dispenserast frå, eller omsyna i lovens formålsparagraf, blir vesentleg tilsidesett.

Tiltaket vil ha liten påverknad av omgjevnadane og ein ser det som klart positivt for både hytteigar og kommunen at avløpet er godkjent og i orden.

Konklusjon:

Etter vurderinga over meiner ein at vilkåra for å kunne gje dispensasjon er tilstades, tiltaket vil ikkje sette føresegnene det dispenserast frå, eller omsyna i lovens formålsparagraf vesentleg tilside. Og fordelene ved og gje dispensasjon er klart større enn ulempene.

Innstilling frå kommunedirektøren:

I medhald av Plan- og bygningslova § 19-2 blir det gjeve dispensasjon frå punkt 1.4 i føresegnene til kommuneplanens arealdel, for å oppgradere sanitær standard til svartvatn på gbnr 25/63.

Etter Plan- og bygningslova § 21-9 1. ledd er vedtaket gyldig i 3 år frå vedtaksdato. Om tiltaket settast i gang men innstillast i meir enn 2 år fell også tillatinga bort.

Det må søkjast om utsleppsløyve på vanleg måte.

Behandling i Hovudutvalet for plan og miljø - 13.05.2025

Endringsforslag frå Fyresdal AP og Fyresdal SP

Plan og miljøutvalet meiner saken er av så prinsipielle karakter at ein sender saka over til kommunestyret for endeleg handsaming

Resultat av votering

Samrøystes vedteke

Vedtak i Hovudutvalet for plan og miljø - 13.05.2025

Plan og miljøutvalet meiner saken er av så prinsipielle karakter at ein sender saka over til kommunestyret for endeleg handsaming

Behandling i Kommunestyret - 19.06.2025

Framlegg frå Tore Metveit (Arbeiderpartiet):

Fyresdal kommune ser ikkje at ein her kan dispensere i medhald av plan- og bygningslova § 19-2, frå plankravet i kommuneplanen sin arealdel pkt. 1.4 for oppgradering til høg sanitær standard på eigedomen til Anita og Leif Arne Rønning, gnr/bnr 25/63. Ein finn at omsynet bak føresegnene vert sett vesentleg til side og at det kan skape presedens i liknande saker. Alle 6 hyttene i området skal med i planverket.

Fyresdal Senterparti (7/7)

- Tone Susanne Kvasjord
- Helge Kiland
- Asbjørn Libjå
- Janne Lunden Teksle
- Kjell Sverre Thoresen
- Arne Dag Lassemo
- Robert Libjå

Fyresdal Arbeiderparti (8/8)

- Elise Lauvrak
- Tore Metveit
- Gunn Marit Aslestad
- Rita Tuften Metveit
- Ingunn Lauvrak
- Erik Skjervagen
- Nils Vidar Pettersen
- Knut Lofthus

Vedtak i Kommunestyret - 19.06.2025

Fyresdal kommune ser ikkje at ein her kan dispensere i medhald av plan- og bygningslova § 19-2, frå plankravet i kommuneplanen sin arealdel pkt. 1.4 for oppgradering til høg sanitær standard på eigedomen til Anita og Leif Arne Rønning, gnr/bnr 25/63. Ein finn at omsynet bak føresegnene vert sett vesentleg til side og at det kan skape presedens i liknande saker. Alle 6 hyttene i området skal med i planverket.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Mona Gundersen
	avdelingsingeniør